

Ei ny rettskriving – til bate for nynorsken?

Riise-nemnda har fremja eit vidfemnande framlegg til ny rettskriving i nynorsk. Målet skal vera å gjera nynorsken enkel, praktisk og stram. Lukkast nemnda med mandatet sitt?

1) Læreboknormalen og sideformsystemet er borte. Nokre former er strokne, men det totale tilfanget av former for lærebøkene aukar. Til dømes vert j-lause verb (tenke, bygge, følge) tillatne i skulebøkene. Nokre svært vanlege verb (skada, lada, leia, svekkja) skal ny valfri bøying.

2) Sume former som før var rekna for mistak, skal no vera lov, til dømes "vaks" av å veksa og "svømme" (symja). Andre former vert kasta ut. Endringane er so vidtrekkande at det kan skapa uvisse og utryggleik for brukarane av norma. Me tenkjer til dømes på mange tradisjonelle former (sæter, sume, tri, serleg, -ut-ending i adjektiv) og det store systemet som gjeld i-målet. Nytt er òg at "dykk" skal verta tillaten subjektsform, noko som mildt sagt er ein dårleg ide.

3) På ei rad punkt fylgjer nynorsknorma bokmålsrettskrivinga. Dermed skaper nemnda større fråstand mellom skrifttradisjon og dialektane på eine sida og gjeldande norm på den andre. Me tenkjer til dømes på vokallæra.

Ei ordliste i seg sjølv gjev ikkje støe målbrukarar. Det er god, planfast og langsiktig læring med allsidige hjelpebøker og lesing og skiving som trengst. Noregs Lærarmållag tykkjer det er grunn til å åtvara mot for sterkt fokus på målet i aviser utan korrekturlesing. Omsynet til indre struktur og bygnad seier oss at tradisjonelle former må lov til å halda fram innanfor norma, i alle høve på jamstelt steg. Nynorsken lyt òg få halda på typologisk jamstelte former der ikkje berre vestnorske, men òg midnorske og austnorske endingar har rett og rom. Eit større medvit om norsk ordlegging og folkelege seiemåtar er òg eit viktig sermerke for ein god nynorsk for framtida. Elevane bør kunna stø seg på både gamal og ny litteratur i det skriftlege arbeidet sitt. Kan henda har nemnda lagt for lite vekt på dette aspektet.

Valfridomen fører ofte til at lærebøkene nyttar dei mest bokmålsnære formene. Me tykkjer dette er problematisk. Det er viktig at bokmål og nynorsk skil seg so mykje frå kvarandre at dei ikkje vert samanblanda av elevane når dei skriv. I verste fall kan det føra til ei inkonsekvent smørje. Soleis er nemnda på trygg grunn når ho til dømes stryk adjektivendinga –lig i nynorsk. Obligatorisk samsvarbøying av sterke verb tykkjer me òg godt om.

Likevel lyt det gjerast mykje oppretting, og det krevst meir gjennomtenkjing før me kan få ein høveleg nynorsk som kan haldast i hevd i mange år frametter.

Denne fråsegn vart vedteken på årsmøtet i Noregs Lærarmållag 14.-2.-11.

For Noregs Lærarmållag

Gunnar Ottne

(Skrivar)